



Stad kommune

Fjernmøte

Oppkopling og utstyr



Stad kommune 2020

Versjon dato: April 2020

1. Kva treng du for å kople deg opp til møtet?

Det viktigaste du treng for å delta i møtet på ein god måte er gode øyrepluggar eller eit godt headset. God lyd er heilt avgjerande for eit vellukka møte, og dess fleire deltakarar, dess viktigare er det.

For å unngå ekko og forstyrrende lyd frå rommet du sit i, bør du ha lyd direkte på øyret, og du må teste lyden før møtet.

Du treng følgjande:

PC eller Mac med nettlesaren Chrome eller Firefox installert

- Internet Explorer, Edge og Safari fungerer ikkje godt nok til dette føremålet grunna manglande støtte for å ta med video og lyd inn i møtet
- Ein kan nytte iPad eller anna nettbrett, men dette vil ikkje gi like god kvalitet, og biletet av deg i møtet vil bli filma frå ein uheldig vinkel. Om du likevel nyttar iPad/ nettbrett bør den stå på eit stativ framfor deg

Kamera

- Dei fleste berbare datamaskiner har dette innebygd øvst på skjermen. Om ikkje kan du kople på eit USB-webkamera
- Det er viktig at kameraet er over den skjermen som du ser på. Dersom du t.d. har ein berbar PC med ekstra skjerm, bør du og ha eit eksternt kamera over den eksterne skjermen. Om ikkje, vil du bli filma frå sida, og det vil ikkje sjå ut som du følgjer med på møtet.

Øyrepluggar/headset med mikrofon som er kopla til pc/nettbrett

- Her er det mange alternativ, alt frå billege og enkle til å putte i øyret, eller dyre støydempende trådlause headset og øyrepluggar. Ein kan t.d. nytte dei små proppane som vart levert med mobiltelefonen.
- *Det viktigaste er at lyden ikkje kjem ut frå høgtalar i PC, då dette skapar mykje støy for dei andre deltakarane i møtet.*
- Du må teste lydutstyret før møtet.

Internettkapasitet som kan levere minimum 700kb hastigheit ut

- Dette bør vere uproblematisk for dei fleste. Har du fiber eller 4G er dette uproblematisk. Har du ADSL, kan det vere at du har for låg hastigheit ut av huset. I såfall kan du delta utan video- då sler du av kamerafunksjonen unntatt ved votering eller om du ber om taletid


Røyste/taleskilt

- Lag deg eit skilt som du skal bruke for å votere eller sette deg på talarlista. Dette treng ikkje vere noko kompilert øvelse; eit ark med partinamn og ditt namn som du held opp framfor kamera.


Korleis kople seg opp til møtet?

For å gjennomføre møtet brukar vi ei videoløysing som kan ha inntil 40 deltakarar samstundes.


Du vil motta ein e-post med nøyaktige instruksar på korleis du koplar deg opp til møtet. I e-posten vil det vere ei lenkje som du skal opne i nettlesaren din(Chrome/Firefox). Når du klikkar på denne lenka, vil du få opp omlag dette biletet:



- Skriv inn namnet ditt slik: skriv partinamn - fornamn og etternamn her. Dette vil vise under biletet av deg, så det er viktig at du gjer dette rett
- Klikk på Innstillinger/Settings for å velje rett kamera og mikrofon. Som du ser på biletet under her måtte eg tillate at videoklienten får lov til å bruke mikrofonen og kamera: viktig å velje «Tillat» her




Når du har tillete, vil du kunne velje kamera og mikrofon:




1. På bildet over har jeg valgt kamera, viktig at du velger et kamera/stiller inn kamera slik at andre i møtet ser ansiktet ditt framfra og ikke fra siden osv.
2. Pass på at du velger mikrofon på headset og ikke den som er innebygd i PC-en. Den er ikke god nok.
3. Når du snakker i mikrofonen skal søylene under mikrofonvalet bevege seg.
4. Når du trykker på «Spill testlyd» skal du høre en lyd i øyerepluggene/headsetet. Om du ikke gjør det, må du endre på innstillingene.
5. Du kan også velge at mikrofonen din er dempet når du kobler opp møtet - da er faren for støy redusert.

Det er særs viktig at du sjekker innstillingene på denne siden før du går videre. Om du velger feil lyd-/bildekilde her, vil lyden og/eller bildet av deg bli helt feil.


- Når du har utført punktene over og har sjekket innstillingene dine trykker du på KOBLE.
- Du kjem da inn i møtet:




1. På biletet ovanfor ser du at eg har presentert meg som deltakar, hos deg vil partinamnet ditt og namnet ditt vise dersom du har hugsa å legge det inn i førre steg. Dei andre deltakarane vil også vise her.
2. Du har valt å dempe lyden din før du koplar til i førre steg
3. Dersom du har valt feil, kan du endre lyd- og kamerainnstillingar ved å klikke her. Valet heiter «Bytt kamera/mikrofon».




I møtet vil du ha disse mulighetene:



Her styrer
du volumet



Bytte
kamera/mikrofo




Gå til
fullskjermvisnin




Nede til venstre på
skjermen finn du
Samtalerommet.
Her kan du chatte



Her
dempar du



Her kan du
slå av og
på kamera



Ulike
presentasjo

Gjennomføring av digitale politiske møter

- **Namneopprop:**
 - Vi gjer namneopprop i møta. Då får dei som ser på vite kva alle heitar og vi får sjekka at alle har lyd. Løft skiltet samtidig som du svarar
- **Talarliste:**
 - Løft skiltet for å sette deg på talarlista. Du kan også be om ordet gjennom chatfunksjonen
- **Avrøysting:**
 - Møteleiar ber dei som er for eller imot om å vise det med røysteteikn. Det betyr at du må løfte skiltet for å røyste
- *Forslag sendast som vanleg til møtesekretær*

Møtedisiplin

- Eit videomøte med mange deltakarar krev god møtedisiplin. Det viktigaste du kan bidra med er å passe på at mikrofonen din er slått av når du ikkje snakkar. Mikrofonen slår du av og på ved å klikke på ikonet 
- Når du røyster og ber om taletid må du vise skiltet ditt med partinamn og namnet ditt på. Du kan også be om ordet gjennom **chatfunksjonen**
- Når du tek ordet må du vere tydeleg på kva sak, eventuelt forslag, du snakkar om
- Sjå elles tilsendt informasjon som er sendt ut vedrørende møtet

Praktisk om sitteplass

- Sit i ein stol du veit er komfortabel i mange timar
- Sit ved eit bord der du har god plass til PC, nettbrett og det du elles treng over tid, som er i god høgde
- Ikkje sit med berbar PC i fanget i ein sofa. Det er ikkje komfortabelt over tid, samt at det er ein lite flatterende kameravinkel og det vert mykje rørsle og uro i bilete ditt
- Ha ein nøytral og ryddig bakgrunn, om mogleg
- Ikkje sit med ein lyskilde (lampe, vindu, osb) rett bak deg. Då får du skugge i ansiktet og vert vanskeleg å sjå
- Sjå inn i kamera- heile ansiktet ditt skal vise i møtet
- Hugs at opptak frå møtet vert publisert på heimesida i etterkant dersom det ikkje er saker som er unnateke offentlegheit